



Uveret natt til fredag var ein ny strek i rekninga for Telenor og i Uskedalen gjekk det mellom anna ut over fast-telefonen. Ein av dei som mista denne var Hans Reidar Kjærland. Han har fått melding om at hans telefon ikkje vil verta kopla inn att før 17. mars og det finn han uholdbart. Han meiner at Telenor burde ha ressursar til å reparera linjene raskare.

Presseansvarleg Per Arild Meling beklager situasjonen overfor uskedalen.no men peikar på at den har vore særdeles problematisk denne vinteret på grunn av dei ublide vergudane.

- Det tek 8 dager meir enn normalt å få reparert nettet fordi det er så mange feil, kan han melde. Telenor sliter også med eit etterslep etter alle feil i dei siste månadane. Det tek tid å gjere unna køen som har hopa seg opp.

Telenor har på grunn av den spesielle situasjonen også henta inn hjelp av entreprenørar frå andre stader i landet. Faktisk har belastningen vore 5 gonger større enn normalt og køen har vore på over 1000 feil på det meste.

- No får vi håpa på godt ver og kryssa fingrane for det, seier Meling, og legg til at mobilnettet heldigvis har vore operativt.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen